

# Møteprotokoll

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** E-post

**Dato:** 07.09.2017 – 13.09.2017

**Tidspunkt:**

## Følgjande faste medlemmar møtte:

| Namn              | Funksjon | Representerar           |
|-------------------|----------|-------------------------|
| Solfrid Borge     | Medlem   | Ullensvang herad        |
| Jon Larsgard      | Medlem   | Jondal kommune          |
| Siri Klokkerstuen | Medlem   | Etne kommune            |
| Benthe Bondhus    | Medlem   | Hordaland fylkeskommune |
| Leif Sverre Enes  | Medlem   | Kvinnherad kommune      |
| Roald Aga Haug    | Medlem   | Odda kommune            |

---

## Merknadar

---

Møtet vart gjennomført med svar på e-post

## Frå administrasjonen møtte:

---

| Namn | Stilling |
|------|----------|
|------|----------|

---

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

---

---

## Saksliste

| Saksnr   | Innhald  | Arkiv saksnr |
|----------|--|--------------|
| ST 14/17 | Godkjenning av innkalling og dagsorden   |              |
| ST 15/17 | Framlegg - Dronefilming i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde - Reisemål Hardangerfjord                                      | 2017/10867   |
| ST 17/17 | Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Nyttig av Hattebergsdalen i samband med feltskyting under Vestlandsstemnet 2018 - Kvinnherad Skytтарlag | 2017/9680    |

### **ST 14/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 07.09.2017**

#### **Vedtak**

Innkalling vart godkjent.

Sakslista vart endra slik at styret berre gjorde vedtak på dei sakene somasta. Alle andre saker vart vidareført til neste styremøte.

### **ST 15/17 Framlegg - Dronefilming i Folgefonna nasjonalpark og Buer landskapsvernområde - Reisemål Hardangerfjord - Folgefonna nasjonalparkstyre**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 07.09.2017**

#### **Vedtak**

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Folgefonna nasjonalparkstyre 29.05.2017, vert det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* og naturmangfaldlova § 48 gjev arbeidsutvalet i Folgefonna nasjonalparkstyre Reisemål Hardangerfjord ved Kristoffer Fürstenberg løyve til bruk av drone til å filme i Folgefonna nasjonalpark.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld 12. – 21. september 2017.
- Løyvet gjeld for inn til ein times flytid på kvar lokalitet.
- Dronepilot må gjere seg kjent med vernet.
- Filminga skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar.
- Før filming skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post [olaf.bratland@miljodir.no](mailto:olaf.bratland@miljodir.no) eller på tlf: **970 23 013**
- Rapport over utført fyking skal sendast til fmhopostmottak@fylkesmannen.no Referanse 2017/10867.

# **ST 17/17 Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Nytting av Hattebergsdalen i samband med feltskyting under Vestlandsstemnet 2018 - Kvinnherad Skyttarlag**

## **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 07.09.2017**

### **Vedtak**

Med heimel i forskrift om vern av Hattebergsdalen landskapsvernområde § 4.2, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Kvinnherad skyttarlag løyve til å gjennomføre Vestlandsstemne i feltskyting i 2018 i Hattebergsdalen landskapsvernområde, 6.- 7.juli 2018. Styret meiner stemnet ikkje er i strid med verneføremålet eller påverkar verneverdiane i nemneverdig grad. Arrangementet er ei forbigåande forstyrring for dyreliv, turgåing og friluftsliv. Arrangementet har positive ringverknader for lokalsamfunnet og eit løyve vil gje positive signaleffektar lokalt.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyve gjeld for perioden 06.07-07.07.2018
- Løyve gjeld for gjennomføring av Vestlandstemne i feltskyting 2018
- Styret føreset at sikkerheita rundt stemnet vert ivareteke på beste måte
- Løyvet gjeld for gjennomføring av arrangementet slik det er skildra i søknaden
- Løyvet gjeld for inntil 400 deltakrar
- Løyve gjeld for oppsetjing av skytefelt med postar og standplassar, samt mellombels merking og skilting
- Alle installasjonar skal vere mellombelse, og skal fjernast utan spor etter at stemnet er gjennomført
- Løyvehavar må sjølv hente samtykkje frå grunneigarar
- Før stemnet skal Statens naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post [olaf.bratland@dirnat.no](mailto:olaf.bratland@dirnat.no) eller på tlf 970 23 013
- Nasjonalparkstyret skal ha skriftleg rapport etter gjennomført stemne – Seinast 01.09.18. Meldinga kan sendast som e-post til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

Nasjonalparkstyret presiserer at reglane innanfor verneområdet ikkje set til sides reglane i anna lovverk.